

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

JUNI 2023

Innhald

Leiaren har ordet av Ågot Gammersvik	2
Intervju med avgått arenaleiar Geir S. Netland av Torbjørn Ljones	3
Kvi tenkjer eg på Velazquez sitt måleri av pave Innocent X når eg står i heradsstyresalen i Ulvik? av Stein Arnold Hevrøy	6
«Nye bøker - nye tankar» Boksamlarar og boksamlingar i Ulvik av Alf Gunnar Eritsland	8
Med RIT til USA av Reidun Horvei og Inger-Kristine Riber	19
RIT med Reidun Horvei og Inger-Kristine Riber av Gunnstein Akselberg	23
"Gullhanen" - Olav H. Hauges første Astrup-sonett? Intervju med Fredrik Parelius av Nils Vidar Vambheim og Marit Hafting	25
Med Olav H. Hauge til Tromsø, mai 2023 av Ågot Gammersvik og Nils Vidar Vambheim	31
«The Dream We Carry» av Nils Vidar Vambheim	32
«Enno bur vinteren i ljoset» av Ågot Gammersvik	34
Seminar om Olav H. Hauge september 2023 av Stein Arnold Hevrøy	36
Kort om skribentane i dette heftet	38



Det er ikkje ofte vi kan skilta med at det samtidig er tre framsyningar om diktaren Olav H. Hauge på vegen. I dette medlemsbladet vil vi omtala ulike framsyningar og konserter som har gått føre seg denne vinteren og våren med tema frå Olav H. Hauge si dikting. Truleg vil fleire framsyningar vera tilgjengelege nær deg.

I vinter hadde «RIT» sin turne i utlandet med Reidun Horvei, song og opplesing, og Inger-Kristine Riber, klaver. Turneen gjekk gjennom USA, frå Seattle i vest via Minnesota til New York i aust. Alle stader vart dei vel mottekne, og fekk god respons på formidlinga av Olav H. Hauge si dikting. I dette medlemsheftet fortel Horvei og Riber om korleis framsyninga vart til, og korleis alt vart gitt eit formspråk, omsett til engelsk. Det er årssyklusen, frå haust, gjennom vinter, vår, sommar og ny haust som strukturer framsyninga. I sin artikkel melder Gunnstein Akselberg denne framsyninga saman med bok og CD, som no er produsert for sal.

«*Enno bur vinteren i ljoset*» er ei framsyning av og med skodespelar Liv Bernhoft Osa og spelemannen Knut Hamre. Osa les dikt og notat frå dagbøkene til Hauge med tonefølgje av Knut Hamre på hardingfele. Her er kjende dikt og slåttar for mange, medan andre får nye dører inn til forståing av Olav H. Hauge

si dikting. Framsyninga vert omtalt i medlemsbladet av Nils Vidar Vambheim og underteikna, som begge var til stades då programmet vart framført på Hålogaland Teater i Tromsø 5. mai. Framsyninga fekk svært god mottaking, så her er mykje å glede seg til for dei som får med seg neste oppsetting. Videare program vil verta annonsert, så følg med.

Hildegunn Riise med band har lagt ut på turne på Austlandet og Vestlandet med eit konsertprogram dei kallar «*Under stjernone*». Hildegunn Riise les dikt og dagboknotat av Olav H. Hauge til musikk av Edvard Askeland. Dette er eit strålande lag av musikarar, som Per Jørgensen, trompet, Terje Isungset, slagverk, Eivind Aarset, gitar og Edvard Askeland, bass. «*Under stjernone*» er ikkje berre ei reise i diktinga til Hauge, men også i eit menneskeliv, seier Hildegunn Riise. Programmet vart først presentert på Vossajazz i 2005, og året etter var programmet på turne i Sør-Norge for Rikskonsertane. Eg fekk oppleva konserten i Bergen i vinter på Columbi Egg, med fullsett lokale og god stemning. Konserten deira vil bli nærmere presentert i neste medlemshefte.

I dette heftet har vi også med eit intervju med avtroppande leiar Geir S. Netland ved Haugesenteret. Han fortel om utviklinga av

senteret, ikkje minst då det vart konsolidert med Nynorsk Kultursenter og den økonomiske drifta vart sikra. Eit anna interessant intervju er med Fredrik Parelius om diktet «Gullhanen» av Olav H. Hauge

Du kan også lesa kunstomtale av biletteppet i heradstyresalen i Ulvik, teppet som Bodil Cappelen har vove.

Ein særskilt interessant artikkel tar føre seg utviklinga i Ulvik frå leseslag til folkeboksamlingar, om boksamlingar og -samlarar i Ulvik tilbake til 1700-talet, og kva utlån av bøker fekk å seia for Olav H. Hauge.


Vi vonar du vil finna interessante artiklar i dette medlemsheftet, og ynskjer deg god sommar med godt lesestoff!

Intervju med avgått arenaleiar Geir S. Netland av Torbjørn Ljones

Kva for positive fylgjer har det fått at Nynorsk Kultursentrum vart ein samarbeidspartner for Haugesenteret?

Den faglege fellesskapen som Haugesenteret vart ein del av i Nynorsk kultursentrum har vore

viktig og positiv. Det har vore kjekt og givande å ha så mange dyktige kollegaer og medarbeidarar i Aasen-tunet med nytig erfaring knytt til drift av eit litterært museum. Organisasjonen har inngåande kunnskap til nynorsk skriftkul-



Geir S. Netland.

Foto: Nynorsk kultursentrum.

tur, formidling, samlingsforvalting og dokumentasjon. Erfaringane frå dei Nynorske festspela var òg nyttege for utviklinga av Poesifestivalen. Og sist, men ikkje minst, gjennom Nynorsk kultursentrums Hauge-senteret fast inne på statsbudsjettet med årlege tilskot til drift.

Kva er statusen for Hauge si dikting i akademia/forskinga?

Hauge sin forfattarskap har framleis ein sentral posisjon i nordisk litteratur ved universiteta. Likevel er det få nyare masteroppgåver og doktorgradstudiar om Hauge i seinare år. Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy publiserte teksthistorie til Olav H. Hauges dikt i 2016 – *Eit dikt vert aldri ferdig*. Stipendiat Øystein Hide skriv doktoravhandling om dagbokskrivaren Hauge, medan Fredrik Parelius ved UiB held på med ei spennande doktoravhandling om lyriske sjølvformingsstrategiar hos Hauge, Uppdal og Hofmo. Haugesenteret har initiert eit nettverk for poetisk tenking. Her er ei rekke litteratur- og lyrikkforskjarar frå UH-sektoren med, og nettverket har blitt ein viktig møtestad på tvers av institusjonar. Konservator ved Haugesenteret, Stein Arnold Hevrøy, har lagt ned eit stort og viktig arbeid som har resultert i tre fagfellevurderte artikkelsamlingar om lyrikk. I september inviterer Haugesenteret til eit lyrikkseminar i Ulvik, der leiande litteraturfor-

skarar skal utforska fleire sider ved Olav H. Hauge si dikting.

Kva er statusen for Hauge si dikting blant ungdom/i skuleverket?

Haugesenteret har tilrettelagte undervisningstilbod til alle skulesteg i tillegg til barnehageborn og vidaregåande skule. Formidlingsopplegget «Ein tanke slo meg – bli kjent med Olav H. Hauge» – gir elevar i regionen ein tilrettelagt skuledag på Haugesenteret der dei opplever lyrikk og blir betre kjend både med Hauge og seg sjølv. Alle klassar på 8. steg i Hardanger og på Voss får tilbod om gratis transport. I samband med Poesifestivalen har skulane fått tilbod om skriveverkstaden *Olav H. eg*, der ein forfattar er på skulen med elevane ein heil dag. Elevane skriv eigne dikt inspirert av utvalde dikt av Hauge. Dersom formidlingsopplegga er gode og tilrettelagte for dei ulike målgruppene, så når Hauge sine dikt også ut til dei yngste.

Haugesenteret om ti år - kva håpar du på?

At Haugesenteret stadig utviklar innhald og formidling slik at poesi- en og Hauge si dikting når ut til nye generasjonar. Som Cittaslow-bygd har Ulvik ein unik moglegheit til å utvikla eit tradisjonsbasert reiseliv. Haugesenteret og Olav H. Hauge si dikting må vere ein av desse

gode fortellingane som gjester får oppleva når dei besøkjer «perla i Hardangar» som Hauge skreiv. At Ulvik, i tillegg til eple- og sider, blir Poesibygda i Noreg.

Det hadde vore stas med Poesifestival kvart år.

*Beste festivaloppleveling i di tid
som leiar*

Det må bli den første vinnaren av Hauge-stipendet, Erlend Nødtvedt, sitt tingingsverk *Black Hauge* til Poesifestivalen i 2021. Saman med Erlend Apneseth trio fekk Nødtvedt fram nye og rytmiske musikalske inngangar og oppleveling av Hauges poesi. Ei stor oppleveling!

Ditt beste Haugedikt?

OG EG VAR SORG

Og eg var sorg og heldt til i ei hole
Og eg var ovmod og bygde attom
stjernone.

No byggjer eg i nærmeste treet
og um morgenens når eg vaknar
trær fura gull på nåli.

*Det kjekkaste med å ha leia
Haugesenteret i over 10 år?*

Dei dyktige og fantastiske medarbeidarane på Haugesenteret. I tillegg til å vera svært kompetente fagfolk innanfor kvar sitt felt, har det vore veldig inspirerande å samarbeida på tvers med festivalutvikling og andre spennande prosjekt. Eg har vore heldig som har fått arbeida saman med så rause, initiativrike og kjekke folk - og har glede meg til å gå på jobb kvar dag!

KVI TENKJER EG PÅ VELAZQUEZ SITT MÅLERI AV PAVE INNOCENT X NÅR EG STÅR I HERADSSTYRESALEN I ULVIK?

av Stein Arnold Hevrøy



Pave Innocent X, målt av Diego Velazquez ca. 1650.

Den spanske kunstnaren Diego Velazquez (1599–1660) står bak det museet Doria Pamphilj sjølv meiner er det viktigaste objektet i samlinga deira, nemleg måleriet av pave Innocent X. Velazquez har truleg måla det i 1650 på oppdrag av den då sitjande paven. Det er særleg blikket til den avbilda som slår, eller snarare borer seg gjennom, den som ser det. Pavens hender fangar også merksemda vår. Dei liknar klør. Pave Innocent X ser alt anna enn uskuldig ut.

Deter gjerne difor Francis Bacon (1909–1992) måla studia sine av Velazquez` berømte kunstverk om lag tre hundre år etter. Der er

dei fryktelege trekka forsterka. Hos Velazquez er paven ein intakt, heil person, mens hos Bacon er krefteene som herjar gjennom mannen det som er fanga på lerretet. Slik er det iallfall i det av Bacons mest kjente Velazquez-studie; vi kjenner att ei menneskeliknande form, men den er dels gjennomsiktig, og liknar ei målerisk skildring av smerteskrika til ein innesperra. Meir enn å portrettere ein mann, viser det fram lidings rørsler. Kvifor tenkjer eg så på Velazquez sitt maleri av pave Innocent X når eg står i heradsstyresalen i det tidlegare kommunehuset i Ulvik? Eg kan med ein gong seie så mykje at det ikkje har noko med politikarar i Ulvik å gjere. Takk og lov. Men la oss likevel ta denne omvegen: På eine langveggen heng biletet av alle tidlegare ordførarar i heradet i tillegg til den noverande. Det er alvorlege svart-kvitt-biletet av stort sett menn. Unntaket er portrettet av tidlegare ordførar Mona Hellesnes. På motsett side i heradsstyresalen blir denne ordførarveggen spegla av Bodil Cappelens biletet «Direktørens 100-årsdag». Om det er kunstnarens intensjon å kommentere den kjønnsmessige skeivbalansen akkurat i dette rommet er usikkert, men det er ikkje tvil om at det er eit politisk kunstverk.



Bodil Cappelen: Direktørens 100-års dag.

Foto: Haugesenteret.

Motivet er av ein direktør i ein svær stol, jubilanten, og tre menn som står høgreist bak han. Han er sentrum for deira merksemd. Langt til venstre i biletet står eit barn, ei jente, og ser at det manglar kvinner. Dei fråverande kvinnene er markerte som konturar i mellomrommet mellom jenta til venstre og gruppa med menn til høgre. At det-

te også har noko med Velazquez å gjere, slo meg då eg sto framom Cappelens biletvev og spurde: Kvifor har direktøren så spisse fingerar? Kvifor har han så oppstikkande øyrer? Kvifor er blikket hans så intenst, og kvifor sit han i ein slik stol? Jo, fordi han liknar Velazquez sitt pavemåleri.

«NYE BØKER - NYE TANKAR»

BOKSAMLARAR OG BOKSAMLINGAR I ULVIK

av Alf Gunnar Eritsland

Olav H. Hauge vaks opp i ei bygd der utlån av bøker hadde spreidd kunnskap og leselyst. Første delen av denne artikkelen fortel historia om tre boksamlarar i Ulvik i siste delen av 1700-talet: Peder Olsen, Marcus Schnabel og Kristofer Sjurson Hjeltnes. Andre delen handlar om tre personar som påverka Hauge ved å gi han tilgang til bøker: Magnus Hakestad, Edmund Hakestad og Ole Johan Amlie.

1. Boksamlarar i Ulvik på 1700-talet

Då allmugeskulen blei oppretta i 1739, var lesedugleik eit politisk mål for einevaldsstyret i Danmark-Noreg. At elevane kunne til-eigne seg religiøs kunnskap gjennom skrift var eit vilkår for å bli konfirmert. Minstekravet var at dei kjende innhaldet i Luthers Katekisme og Pontoppidans Forklaring.

I andre halvdelen av 1700-talet kunne nok dei fleste lesa, men lesinga blei gjerne avgrensa til utanåtlæring i skulen og ritualisert bruk av bibelske tekstar i gudsstenesta. I heimane var det få bøker. Religiøs litteratur dominerte, andaktsbøker, katekisma, salmebøker. Dette endra seg då skulen fram mot hundreårsskiftet fekk eit breiare gjennomslag, og kravet til kunnskap auka. I tråd med tidas opplysningsideal blei målet med lesinga, i tillegg til å fremme religiøs oppdragning, å formidla kvar-dagsnær og nyttig kunnskap. Det handla om å kunna forstå og dra lærdom av ukjende tekstar.

Ikkje berre skulen fremja lese-dugleik. Historikaren *Nils Johan Ringdal* skriv at storbønder og rasjonalistiske prestar etablerte *leselag*. Dei kjøpte inn, samla og lånte ut bøker, eller gav dei bort: «Private boksamlinger hadde aldri vært av så stor betydning her i Norden som mot slutten av 1700-tallet.»

Biskop *Peder Hansen* i Kristiansand var ein typisk rasjonalist, og starta mange opplæringstiltak i sitt store stift. Han etablerte boksamlingar og leselag som lånte ut bøker og gav folk lesetrening. Han støtta også leseopplæringa i allmugeskulen ved å gi lesekyndig ungdom eit eige lærarkurs i bispegarden.

Interessa for bøker og lesing ut-vikla seg gjennom moderniseringa i landbruket. Framveksten av nye reiskapar, dyrkingsmåtar og driftsformer kravde kunnskap som ikkje den einskilde bonden kunne utvikla. Eitt eksempel er dyrkinga av poteten. Prestane, andre em-betsmenn, men også framståande bønder, tala varmt om den nye næ-

ringsrike planten. Leselaga lånte ut bøker og spreidde på den måten kunnskap om emnet. Potetdyrkinga fekk ein avgjerande verknad då krig og blokade førte til naudsår i landet.

I siste delen av 1700-talet auka interessa for hagebruk og fruktdyrking, ikkje minst i Hardanger. Bøker, gjerne kjøpt inn frå Danmark og Tyskland, blei formande for utviklinga av nye dyrkingsmåtar og næringsvegar.

Også den folkelege religiøse vekkinga knytt til Hans Nielsen Hauge fekk innverknad på lese-dugleiken. Den store spreilinga og den aktive bruken av religiøse skrifter, ikkje minst Hauges eigne bøker, blei avgjerande for kunnskapsnivået og sjølvkjensla innan det haugianske «vennesamfunnet». Deira religiøse samlingar var prega av högtlesing og song. Dette gav deltakarane ei intensiv lesetrening. Så fekk då også haugianarane tilnamnet «lesarar».

Utover på 1800-talet skapte frivillige foreiningar og organisasjonar ei oppvakning av sivil-samfunnet. Snart skulle lesande bøndene koma til å stå i fremste rekka i kampen mot embetsmannsveldet, og i utviklinga av folkestyret.

I mange bygder er det mulig å identifisera enkeltpersonar, boksamlingar og leselag som gjennom spreilinga av bøker stimulerer leselyst og tekstforståing blant

allmugen. I Ulvik, som tidleg blei kalla «ei lesande bygd», kan det nemnast tre personar som i andre halvdelen av 1700-talet fremja bokbasert opplysning.

Marcus Schnabel (1744–1780)

Dansken *Paul Schnabel* (1704–1792) var sokneprest i Ulvik i 50 år. Den gåverike eldstesonen hans, *Marcus Schnabel*, reiste til København for å studera naturvitenskap, men enda opp med å ta eksamen i teologi, som faren meinte ville gi ei sikrare utkome. Faren, som sjølv hadde ein skral økonomi, kravde at sonen skulle kome heim til ei stilling som personalkapellan i Ulvik. Året var 1771.

Marcus blei prest, men det var vitskapleg arbeid som interesserte han mest. Han prøvde seg på mange fagfelt. Mellom anna bidrog han til den populære sjangeren topografisk litteratur, ein sjanger vi kjenner frå Petter Dass' *Nordlands Trompet* (1739). Schnabel skreiv *Udkast til Beskrivelse af Hardanger*. Dette er ei bok om naturforhold og folkeliv i bygdene kring Hardangerfjorden.

Det meste originale faglege bidraget frå Marcus Schnabel finn vi likevel på det språklege feltet. Han dreiv systematiske undersøkingar, samla inn ord frå målføre i Hardanger, mest frå Ulvik. Denne ordlista la grunnlag for ein grammatisk analyse av samanhengen mellom det

lokale målføret og gammalnorsk. Utkastet til avhandlinga hans fekk tittelen «Prøver på hvorvidt det gamle Norske Sprog endnu er til udi det Hardangerske Bondemaal» (1774). Det er interessant at vi her ser ansatsar til den systematikken Ivar Aasen skulle ta i bruk mest 80 år seinare.

Som grunnlag for studia sine på mange felt lånte Marcus bøker av sokneprest Morten Ruus på Voss, ein mann med «meget udsøkt Bog-samling».

For å få råd til sjølv å kjøpa bøker, og sidan hjelpe fattige bygdefolk til kunnskap, stifta Marcus *Det Hardangerske Læseselskab* i 1774. Selskapet hadde 30 medlemmer. Her var dei fleste embetsmennene i Hardanger og Sunnhordland med. Bøkene gjekk først på rundgang. Deretter kjøpte medlemmene kvar si bok. Desse blei samla og lånt ut, eller gjevne bort.

For å betre sin eigen økonomi sökte og fekk Marcus ein stilling som prest i Lier, men dette gav han berre endå større bekymringar. Det blei sagt at all motgangen knekte helsa hans. Han døydde berre 36 år gammal. Marcus fekk mykje å seie for bokinteressa i Ulvik. Han etterlet seg ei samling på 500 bøker.

Men inspirasjonen til lesing av litteratur blant bygdefolket kom også frå ein annan som hadde vore i kongens by.

Peder Olsen (Helleland)

(1702–1786)

Peder Olsen gjekk i gullsmedlære i Bergen. Han var ein «bokorm», men hadde ikkje pengar til å studera. Etter læra drog han til København, der han arbeidde som gullsmed i fem år. Her blei han ein oppglødd pietist. Han las mykje og samle bøker, ikkje minst om religiøse emne. Då han i 1743 slo seg ned i Ulvik, blei han tilsett som lærar og klokkar. Peder blei svært omtykt i bygda. Gjennom dei mange turane han seinare gjorde til hovudstaden, heldt han kontakt med religiøse venner, og kjøpte inn bøker til samlingsa si.

Gjennom bøkene Peder Olsen tok med heim, kom pietismen så å seja beinveges frå København til Ulvik. Men denne forma for kristenliv slo ikkje rot. Større verknad fekk bøkene han samla om praktiske emne, ikkje minst om dyrking av åker og hage. Peder hadde sett seg inn i dansk landbruk og hagedyrking. Denne interessa kom etter kvart til å prega boksamlinga hans. Mellom anna hadde han bøker om korleis ein kunne dyrka frukttre.

Peder var også heime i lækjarvitsskapen. Han leid sjølv av astma, og fekk tak i bøker som viste korleis ein kunne dyrka lækjande medisinlar. Han prøvde dette ut i sin egen hage, og etterlet seg ei stor samling reseptar.

Klokkar Peder gav bort største delen av boksamlinga. Likevel

stod det nokre bøker att etter han. I skiftedokumenta står det nemnt «80 bøker».


Kristofer Sjurson Hjeltnes (1730–1804)

Peder Olsen var nær venn av bonden Kristofer Sjurson Hjeltnes. Også han blei ein overtydd pietist. Samarbeidet mellom dei to førte til at boksamlinga på Hjeltnes blei stor, mangfaldig og til nytte for bygdefolket. Garden til Kristofer blei ein kulturell samlingsstad.


Kristofer Hjeltnes blei ein kjend filantrop og opplysningsmann. Han var rik, men skral til helsa. Derfor hadde han tid til lesing, skriving og samtale. Han reiste fleire gonger til København, og fekk kontaktar i fornemme krinsar der. På desse reisene samla han bøker av mange slag. I tillegg til religiøse skrifter kjøpte han bøker

om moderne dyrkingsmetodar og gardsdrift. Eksempel på boktitlar i samlinga: *Norges frugtbare Herlighed*, *Om Kartoflers Dyrkning*, *Den danske Urtehave*. Her fanst også bøker om historie: *Norges Kongesagaer*, *En historiebog*, *Grønlands Historie*, *Den Trojanske Krig*, *Christian den V. Norske Lov*.

Kristofer delte også Peder Olssens interesse for medisin. Også han hadde astma. I hyllene på garden fanst det derfor fleire lækarbøker, som *Henrik Smids Lægebog*. Kristofer var den einaste bonden i det nemnde leselaget til venen Marcus Schnabel. I boksamlinga hans fanst bøker frå leselaget, til dømes Chr. Hammers *Forsøg til Norsk Naturhistorie* (1771), «kjøbt af Læseselskabet». Det same gjeld bøkene *Gamle Forordninger og Privilegier udgivne af Kongeriget Norge* og *Allgemeine Deutsche*



Kristofer Sjurson Hjeltnes.
Foto: Hardanger og Voss museum.



Garden Hjeltnes på 1800-talet.
Måleri av Arne Hjeltnes (1889–1955)

Bibliothek. Frå samarbeidet med Marcus hadde han lærebøker i matematikk og språk, men også bøker av reint praktisk art, som boka *Hvordan jage rever ut av hus*.

For Kristofer gjekk det filantropiske og det åndelege hand i hand. Dette ser vi eit eksempel på då han stifta kornmagasin for å hjelpe fattigfolk gjennom naudsåra. Han gav midlar til oppstartinga av seks magasin ulike stader i Hardanger. I statuttane stilte han som vilkår at magasina, når dei gjekk med overskot, skulle stifta eit pengefond som kvart år skulle kjøpa inn gode bøker til folks «åndelige og timelige velfærds befordring». Bøkene skulle stillast opp i kyrkja, der einkvar som ville kunne låna dei gratis. Når bøkene blei gamle, «skjænkes de til fattige som have lyst til guds frygt og nyttige viden-skaber».

For sitt filantropiske arbeid fekk Kristofer heider og medalje av kongen. Han blei, som einaste bonde, medlem i *Det kongelige Danske Landhusholdnings-Selskab*. Her slapp elles berre folk med titlar inn. At han blei rekna som deira likemann, viste seg då han blei beden om å vera konsulent for ein rapport den danske nasjonaløkonomen Chr. Martfelt skreiv i 1773. I krinsen av lærde kunne Kristofer drøfta idear og få råd om innkjøp til boksamlinga si.

Kristofer døydde i 1804, men opplysningstanken hans hadde

sett spor. Faglege foreiningar knytt til hagebruk og fruktdyrking bygde vidare på den nytteorienterte les-einteressa som han, saman med Marcus Schnabel og Peder Olsen, hadde lagt eit grunnlag for.

Frå leselag til folkebibliotek

I 1830 blei det blese nytt liv i foreininga *Selskabet til Norges Vel*. Denne foreininga stimulerte etableringa av allmugebibliotek. Bisikop Jacob Neumann (1772-1848) i Bergen var ihuga talsmann for biblioteksaka. Han sende brev til alle prestane i stiftet om å ta tak i denne oppgåva. Då eit nytt offentleg *Leseselskap* for Ulvik blei etablert i 1839, overtok dei 25 bøker frå Hjeltnes. For innsamla midlar kjøpte selskapet deretter 75 nye bøker. Boksamlinga med desse 100 bøkene stod anten i kyrkja eller i prestegarden. Ho inneheldt religiøse bøker, men også bøker av «oplysende eller fortællende inn-hald, saaledes fleire av Maryats fortællinger, Robinson Crusoe, Snorre Sturlasons kongesagaer. I det hele er bøkerne - naar hensyn takes til den nuværende literaturs tilstand - valgt med omhu og for-staaelse.» Elling Olsen Hakestad var den første «forstandaren». Statstilskotet til norske folkebok-samlingar blei endra i 1887. Då søkte og fekk biblioteket i Ulvik 100 kroner årleg, under vilkår av at kommunen løvvde det same. På den tida fekk ein ikkje så lite litte-

ratur for 200 kroner. (Til sammenlikning syner soknebudsjettet for Ulvik 1890 at utgiftene til vegstellet var på 420 kr.) Det blei på dette viset bygt opp ei større boksamling. Biblioteket hadde rom i kommunehuset på Brakanes frå 1858. Det heldt til der til ikring 1912. Då blei det flytta til det nye ekspedisjonshuset, og gjekk opp i flamar då Ulvik sentrum blei skote i brann 25. april 1940.

2. Boksamlarar Olav H. Hauge kjende

I 1924 skriv den 15 år gamle Olav H. Hauge: «Hev no sett gjennom protollen ein grand – bokprotokollen – og funne ut at eg hev lese 626 bøker or biblioteket. Det er lite. Temmeleg lite. Fatig er aandi mi! Ho veit ikkje mykje. – Gjeve eg kunde metta kunnskapstronden min! – Gjeve eg kunne suge all heimsens visdom i meg! – Aa. Ja daa!»

I 1948, etter at han sjølv hadde debutert som lyrikar, kritiserte Hauge rådande haldningar til leseopplæring. Etter hans syn har det stor pedagogisk verdi at barn får tilgang til store boksamlingar, og at lesinga blir rettleia, men ikkje styrt av dei vaksne. Bak denne refleksjonen anar vi ei personleg røynsle som handlar om hans eige veg til litteraturen, og om dei gode hjelparane han hadde trass i skrinne materielle vilkår. Hauge

gav uttrykk for takksemid mot dei som såg lesehungeren i han då han var ung, dei som gav han litteratur å bryna seg på, men også fridom til sjølv å velja. Slik kom han til å lesa både filosofi og cowboybøker: «I mine gutedagar fekk me lov å lesa kva me vilde; me fekk låna i folkeboksamlingen, og elles kunde det slengja bøker på gardane. Skitne og slitne var dei etter lesnad og utlån.»

Me skal her nemna tre menn som på kvar sitt vis fekk mykje å seia for Olav H. Hauges tilgang til bøker. Den første er han som på 1920-talet rydda opp i boksamlinga i bygda, opna henne for den lesesugne ungguten, og førte han inn i ein bokheim han ikkje visste om.

Magnus Hakestad (1860 –1932)

Magnus Hakestad hadde som syttenåring emigrert til USA, og slått seg ned som farmar i Midtvesten. Han gifte seg der, men opplevde snart ein personleg tragedie. Ein dag han stod opp hadde kona reist med det eine barnet dei hadde. Han såg dei aldri igjen. Etter det gav Magnus opp prærielivet. På sine eldre dagar flytta han heim til Ulvik. I 1920 slo han seg ned som bonde og bibliotekstyrar. Han blei snart kjend med den leseglade tolvåringen på nabogarden.

Magnus hadde utvikla ei stor interesse for litteratur, og ikkje minst for å samla og katalogisera bøker. Han fekk ansvaret for å rydda opp

i boksamlinga i bygda. Olav H. Hauge skriv seinare ein omtale av seg sjølv som 15 år gammal bibliotekbrukar: «Eg visste daa - sant og segja - knapt kva ei bok var, og aldri hadde eg lese ei bok utanom skulebøkene. - Men so bar det til, at det kom ny styrar av boksamlingen.» Etter Olavs meining ordna Magnus boksamlinga på fortreffeleg vis. Det blei kjøpt «heile lass av ny frisk litteratur, og det gamle skrjotet fraa ein eldre alder, vart utan bøn lempa beint paa sjøen.»

Gjennom venskapen med Magnus fekk Olav ei rettleiing som utvida lesinga hans. «Den nye styren kjende eg godt, og han var det som fekk meg med; han hjelpte meg til rettes, og fann høvelege bøker att meg. Og såleis kom eg inn i bokriket, og lerde det og kjenna; og las ovende mykje, laust og fast, alt mogeleg; men serleg lika eg alle lansmaals-bøkene.»

Magnus må ha hatt rause rammer for innkjøp av bøker. Samlinga blei fornya og sterkt utvida. Til morbroren Edmund Hakestad i Amerika skriv den unge Olav at han har lese svært mykje. «(...) eg hev no mest lese i gjennom heile Bygdeboksamlingen, og den er på lag eit par tusen bind. Og den er samla klassisk litteratur fraa heile verdi, i yversetjing, sjølvsagt, fram-ifraa godt skipa og styrd er han. So du kann tru eg er glad i boksamlingen, og der er ingen som er so

trugne til aa laana som eg. For um eg sit her i denne tronge fjordbygdi, so er eg ikkje so faavitug som det kunde tenkast.»

I boksamlinga hadde Magnus samla ein eigen lesekrok med enkle bøker for dei som ville læra engelsk. Han var politisk interessaert, ein overtydd sosialist. Med bakgrunnen frå lesing i USA tinga Magnus tidsskrift som den lese-sugne Olav hadde glede av. Bladet som hadde mest å seia for han var *The New Leader*. «Bladet var organ for *The Independent Labour Party*, og det var eit godt blad, kom kvar vike. Mange av Englands beste pennar skreiv der.»

Kontakten med Magnus Hakestad påverka Olav på fleire måtar i hans oppvakning som lesar og diktar. Han fekk tilgang til nye bøker frå store delar av verda, men ikkje minst blei han introdusert for nynorske forfattarar.

Det utvikla seg ein nær vennskap mellom dei to. På sine eldre dagar bad Magnus om at Olav las avisene høgt for han, då helst *The New Leader*. I februar 1932 skriv Olav, etter at han har fått vite at mentoren hans gjennom meir enn tolv år hadde gått bort: «Han hev vore meir for meg enn nokon annan, og slik ven fær eg aldri att.»

På denne tida blei Olavs interesse for engelsk og amerikansk litteratur styrka også gjennom kontakten med ein annan USA-emigrant, morbroren Edmund.

Edmund Hakestad **(1885–1937)**



Edmund Hakestad som ung. Foto: Ukjend.

På same vis som Magnus hadde Edmund emigrert til USA som ung. Han gjekk på High School, deretter ved *The Lutheran Pacific Academy* i Oakland, med engelsk språk og litteratur som hovudfag. Men etter studia gjekk han tilbake til arbeidslivet. Då Edmund flytta heim til Ulvik i 1926, slo han seg ned på ein liten gard ovafor heimplassen til Olav.

Morbroren blei den første utdanna personen Olav kunne drøfta litteratur med. Edmund såg snart kor stor interesse den unge slektingen hadde for lesing, og viste han til stadig nye sider ved internasjonal litteratur. Snart blei Olav kjend med diktarar frå framande kulturar, som den persiske poeten *Omar Khayyam*. Av morbroren fekk han dessutan si første teoribok om poesi, *Hints on Writing Poetry*, av Clement Wood.

Då Edmund flytta heim, hadde han med seg ei heil samling bøker som Olav kunne gjera seg kjend med. «Edmund, morbror, hev ikkje så lite engelsk litteratur og her er det eg hev henta mine kunnskapar, frå antologiar, gamle tidsskrift og alt mogleg.» Først og fremst introduserte Edmund systersonen for den engelske poeten *Robert Browning* (1812-1889). Interessa for Browning festa seg hos Olav. Mange år seinare skriv han sjølvmedvite: «Ingen i Noreg har lese Browning så vel som eg.»

Edmund fungerte lenge som rådgjevar for Olav, ikkje berre når det gjaldt valet av bøker, men også i skrivinga. Han var til dømes kritisk til at Olav brukte tid og krefter på å omsetja dikt, tid han heller burde bruka til å utvikla si eiga dikting.

Men påverknaden gjekk også andre vegen. Edmund var ikkje så godt kjend i norsk litteratur, særleg ikke i poetisk dikting. Diktsamlinga *Altarelden* av Kristofer Uppdal var den boka som for alvor hadde opna augo til Olav for kva lyrikk kan vera. Han gav boka til Edmund, som aldri kommenterte gåva, men som seinare skrytte av henne til Olavs syster. «Uppdal var diktar det.»

Edmund blei, som systersonen, ramma av psykisk sjukdom. I 1932 måtte han selja garden, og blei innlagt på Valen Sjukehus. Då han døydde der, i 1937, var Olav sjølv nettopp utskrivne.


Olav fekk boksamlinga etter Ed-

mund. «Det var vel 100 bind, dessutan 300 hefte. Eg synest mun i samlingen; det er då eit minne um han og er verdfull nok i seg sjølv. Bokhylla auka munaleg med det same.»

Som rettleiar innan litteraturen får morbroren ein solid attest: «Han visste kva stor lyrikk var, kva tenkjing var.»

Etter at boka *Dikt i utval. Dogg og dagar* kom ut i 1964, skreiv Olav at han var glad for at han med denne boka kunne reisa Magnus og Edmune eit minne.

Ole Johan Amlie (1898–1987)



Ole Johan Amlie.

Foto: Solberg.

Ein tredje boksamlar som påverka lesinga til Olav H. Hauge var *Ole Johan Amlie*. Han var sokneprest i Ulvik frå 1932 til 1958. Olav gjekk i prestegarden, arbeidde der som gartnar, og lånte bøker der i alle desse åra. Han skriv at han har stor nytte av den omfangsrike boksamlinga på «kontoret» til soknepres-

ten. Til slektringen Jens Haukås sa Hauge at det var «svalande» å vera i boksamlinga på prestegarden.

Ole Johan og kona Tone var begge storlesarar og systematiske boksamlarar. Dottera Aslaug fortel at faren gjerne las utover nettene. Begge foreldra brukte tid på å setja opp lister over bøker dei ville skaffa seg. Truleg kom også gartnaren med tips om kva bøker som kunne kjøpast inn.

Hauge skriv at interessa til Amlie ikkje først og fremst var å fordjupa seg i teologisk litteratur. Han las vel så gjerne bøker om allmenne tema, om historie, landbruk, frukttdyrking og jakt, dessutan skjønnlitteratur. Ein peikepinn på dei vide interesene til presten får vi av omtalen Hauge skriv då Amlie hadde reist frå bygda: «Amlie slo lag med ulvikingane og var ein av dei, arbeidde med det same, tala um det same, dyrka frukt, ol krøter, slo, hesja, dyrka kål, gulrot, prata politikk og bygdenytt, las lokalblad [...].»

Då Amlie reiste, kom Hauge til å sakna boksamlinga: «Med Amlie misser bygdi den største boksamlingi ho nokon gong har hatt. Boksamlingi hans er eit sersyn.»

Amlie slo seg ned som pensjonist på heimegarden til kona, i Sauland i Telemark. Då han blei intervjua av ei lokalavis i samband med åttiårsdagen, fortalte han at boksamlinga hans var på 2500 band.

Etter at Amlie døydde i 1987, blei ein stor del av samlinga verande

att på garden i Sauland. Ho gjekk opp i flammar då hovudhuset på garden brann i 1994. Ein mindre del av samlinga finst enno hos dottera Aslaug Wahlström Amlie i Tjörn i Sverige. Her står bøker av dei store klassikarane: Wergeland, Ibsen, Bjørnson, Garborg, Vinje, Sivle, Falkberget. Her finst også ti-bandsverket *Det norske folks liv og historie gjennom tidene*.

Utvalet i boksamlinga til Amlie må ha falle i smak hos Hauge, for han skriv: «Det er utvalet som gjer ei boksamling, ikkje talet. Hundrad bøker kann vera nok åndeleg føde for ein mann, – 1000 kan ofte vera for lite.»

«Bøkene kjem i flaum»

Etter kvart som han blei etablert som forfattar, fekk Hauge eit stadig større tilfang av bøker frå sine kontaktar i forlagsverda, frå forfattarkollegaer og frå leseglade vener i Noreg og internasjonalt. I dagbøkene nemner han stadig boksendingar frå ulike hald.


Hauge hadde ein særleg god kontakt med bokhandlar Ullestad på Voss. Bokhandlaren var også rådgjevar: «På ein diskret måte dreg han norske bøker fram og gjev dei eit godt ord. (...) Ein bokhandlar kan gjera mykje - kanskje meir enn nokon annan - til

å spreida norsk lesnad i ei bygd.»

Som etablert forfattar fekk Hauge mengder av bøker. «Elles gjeng det hardt for seg no, bøkene kjem i flaum.» Det hender at flaumen er for sterkt, at han forstyrrar den skapande verksemda. Som bokorm greier Hauge ikkje la vere å lesa det han får tilsendt: «Diverre - ei ny bok! Det skiplar meg for mange dagar, set meg på nye tankar. Stel arbeid og tid, og held meg burte ifrå det eg skulde halda på med.»

Hauge utvikla si eiga boksamling heime på Rossvoll. Kanskje hadde han lært bibliografisk systematikk av Magnus Hakestad. I alle fall heldt han oversikt over kva han hadde, og kva han las. I *Dagbok 1924–1994* får vi eit inntrykk av kor omfattande samlinga og lesinga hans var. Ei mengd bøker frå heile verda blir nemnde, omtala, analyserte og samanlikna. Lesinga er hans store lidenskap.

Ja, lesehungeren var intakt livet ut. Dei siste åra var lesinga like-



Bokhylle på Rossvoll.

Foto: Privat.

vel ikkje så eksistensielt avgjerande som då han, nitten år gammal, julehelga 1927, skreiv: «Eg les og les; eg lever i bøkene og av bøkene; utan bøker kom eg til å ganga nord og ned.»

Tonen er ein annan ein dag i november 1959. Det er ettermid dag. Han er nøgd med kva han har fått gjort. Etter arbeidet løner han seg sjølv med lesing: «Alt i hus og haustarbeidet undangjort. I dag har eg kveikt i omnen og sett meg til imillom bøkene mine.»

Kjelder

Hauge, Olav H., 2000. *Dagbok 1924–1994. Band I-V.* Oslo: Samlaget

Indrebø, Gustav, 1933. Nokre eldre vestnorske bygdeskrifter. Bergens Museums Årbok, 1933, *Historisk antikvarisk rekke* nr. 1

Kolltveit, Olav, 1961. Kristofer Sjurson Hjeltnes (1730–1804). Ei slekts-, livs- og gardssoge frå Ulvik i Hardanger. Odda: *Hardanger Historielags tilleggsskrift nr. 12*

Kolltveit, Olav, 1977–1986. *Granvin, Ulvik og Eidfjord i gamal og ny tid. Bygdesoga. Band I-II.* Bergen: Bygdeboknemndene i Granvin, Eidfjord og Ulvik.

Ringdal, N. J. (1985). *By, bok og borger. Deichmanske bibliotek gjennom 200 år.* Oslo: Aschehoug

Åmås, Knut Olav, 2004. *Mitt liv var draum. Ein biografi om Olav H. Hauge.* Oslo: Samlaget

Samtale med Aslaug Wahlström Amlie og Erik Wahlström Amlie

INNBETALING AV LAGSPENGAR

Vi minner om at for 2023 treng Venelaget Olav H. Hauge lagspengar.

Dei er som før kr. 250 og kan betalaust til konto 3450 30 01960 ved kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

Du kan og Vippsa til: 586853

Som medlem får du tilsendt Venelagsheftet i posten to gongar i året.

Skriv tydeleg namn og adresse til avsendaren.
E-post til Venelaget kan sendast til leiaren:
aagot.gammersvik@gmail.com



Etter premieren på Ulvik poesifestival 05.09.2021. Frå venstre: Ragnhild Gudbrandsen, Reidun Horvei, Katherine Hanson, Inger-Kristine Riber og Thomas Phil.

Foto: Privat.

Etter premieren på framsyninga RIT på Ulvik Poesifestival 2020, har RIT turnert i Vestland og Rogaland fylke med til saman 60 framsyningar. I tillegg til dette gjekk RIT/SKETCH vidare til USA. Der hadde me i oktober og november 2022 åtte framsyningar og foredrag mellom 19. okt. og 13. november i Seattle, WA, Edmonds, WA, Minneapolis, MN, Thief River Falls, MN, Grand Forks, ND, Watertown, SD og New York City. Ei lang og svært interessant reise med poesi av lyrikar Olav H. Hauge er no kome til ende.

Litteraturvitar Katherine J. Hanson, som me møtte i samband med eit anna program i Seattle, sa ja då me spurde henne om ho ville ta del i eit samarbeid. Hanson var den fyrste som tok doktorgrad i høve Olav H. Hauge sin poesi

og var fleire gonger i Ulvik og vitja han. Katherine snakkar flytande norsk, noko ho har lært seg i vaksen alder, og slekta hennar attende i tid kjem frå Noreg, hovudsakleg frå Vestlandet.

Om RIT

Sumaren 2019 reiste me til Seattle på vestkysten av USA, der Katherine er busett, og arbeidde fram eit manus kring Olav H. Hauge sitt draumelandskap gjennom fire årstider. Målet vårt var å føra publikum inn i tankar, kjensler og rom dei tidlegare ikkje hadde vitja, eit indre liv der også stille kunne vera eit ynskje om endring. Forteljinga kom til dei skiftande årstidene og kartlegg også endringar og utvikling hjá diktaren og i poesien hans. Me gjekk også gjennom dagbøkene til Hauge der me leita fram si-

tat for overgangar kopla opp til dei ulike årstidene.

RIT er forma som ein monolog som vekslar mellom resitasjon, forteljing og song. Me startar seint om hausten, då tida kan vera mørk og tung. Men etter kvart som dagane vert lettare og lysare, mjuknast og opnar diktaren seg.

Dikta som vert presentert i RIT, 30 i alt, gjev eit fullt spekter frå djupn og breidd til varme og humor medan diktaren observerer verda kring seg.

Tittelen RIT vart inspirert av eit dikt med same namn frå «På Ørnetuva». Eit kort stemningsfullt dikt, som med impresjonistiske strekar teiknar ein naturscene, «ei mjuk grå teikning, rita som i ein draum». Med ei naturskildring som gror ut av draum og som utfaldast stille og sakte, som ei kinesisk rulle, er diktet «RIT» eit fullkome uttrykk for visjonen me ynskte å få fram.

RIT

Himut haustdag med snøravl.
Ei mjuk grå teikning,
rita som i ein draum.
Furone har samla himmelsk bomull
og stukke tottane i håret,
og bjørkene held fram dei tunne
greinene sine
so vart, so vart –
På frosne pyttar skriv fuglane
på nye taylor.

Hanson opnar framsyninga med å fortelja om opplevingane sine av

naturbileta gjennom Hauge sine dikt. Ho forklarar korleis dei mest kjende naturbileta; berget, elvi, sjøen, månen og stjernone skapar eit draumelandskap der kreativitetten oppstår.

I framsyninga er dikta tonesett og sunge medan andre vert resitert av Hauge sjølv og Horvei. Dikta er arrangert med eit narrativ som fylgjer årstidene: haust, vinter, vår, sumar og endar opp i hausten att. Ei soge som byggjer på årssyklusen og som flyt framover i tida og skilrar eit menneskeliv.

Musikken

RIT er komponert som ei musikalsk skildring av det tekstlege innhaldet og medverka til sterkast mogeleg retrospektiv oppleving av diktaren sin kunst.

Å setja musikk til Hauge sine tekstarinviterert uventavendingar, eit leikande tonespråk som spring ut frå tekstleg innhald. Med draumen som bindelekk gjennom RIT, har komponisten freista skapa eit landskap der musikken kan opplevast som ein fri straum. Men samstundes bileskapande og naturalistisk, i von om å speglar Olav H. Hauge sin karakter som ofte vert skildra som «gartnaren» og «ur-hardingen».

Sjølv om melodiske og harmoniske element vert nytta, har målet vore at dei skal vera ubundne innan dei klassiske strukturane. Songrøysta vert nytta multifunksjonelt.



Frå scenen i Grand Forks, Nord Dakota.
Foto: Privat.

På den eine sida er røysta meint å skulle bera teksten med mål om å representera ei menneskeleg side, medan den andre sida har ein intensjon om å verta opplevd som ein del av det instrumentale med koloristisk effekt. Slik freistar komponisten å binda saman vokal og instrumentale teksturar som ein tett vevnad.

Til USA

Det vart i 2021 og 2022 arbeidd for at RIT også skulle over Atlanteren og presenterast i USA. Olav H. Hauge er ikkje ukjend i USA og mange møtte opp på framsyningane som hadde kjennskap til poesien hans. Men fleire av dikta i RIT er ikkje blant dei mest kjende. Me presenterte dei såleis som «subtitles» på engelsk over Thomas Pihl sine kunstverk, samstundes

som dei vart sungne eller resitert verseline for verseline. Dette var det amerikanske publikummet svært nøgde med. Og endå meir nøgde vart dei då dei fekk med seg ei bok og ein CD heim.

Me hadde på førehand sendt over 300 bøker og CD-ar til Seattle, og etter at me hadde landa i Seattle der den 3. oktober og var komne over jet-legen, sette me i gang med å senda programblad, bøker og CD-ar til dei ulike stada- ne me skulle vitja i Midtvesten og New York.

Me leigde el-piano, kjøpte sceneljos og vindharpa, og busette oss i husbåten til Katherine og mannen hennar i Portage Bay, som ligg mellom Lake Union og Lake Washington.

Avisa *The Norwegian American* sin direktør Lori Ann Reinhard, som har kontor i Seattle, hadde på førehand promotert oss gjennom avisar og no kom det også radio- stasjonar frå Midtvesten for å gjera intervju.

Respons

Responsen var overveldande overalt, anten me framførte for studentar ved Universitet, eldre eller publikum med og utan norsk slektskap. RIT «spoke to them» - røystene som resiterte og song, musikken, scenekunsten, reisa gjennom årstidene....men mest av alt vart dei djupt gripne av Olav H. Hauge sin poesi.

Bok og CD

Premieren var planlagd for Ulvik Poesifestival i 2019, men pandemien sette ein stoppar for dette. Me fekk dermed eitt ekstra år på grunn av dette og Katherine J. Hanson byrja å skriva boka RIT. I tillegg fekk me også i denne perioden produsert og innspelt all musikken på CD. Boka vart skrive på engelsk av Hanson og omsett av Roger Martin til nynorsk. Alle dikta i framsyninga er inkludert i boka, også Hanson sine engelske omsetjingar, og vevd inn med dikta er kunstverk av Thomas Pihl, som også vart nytta som scenograf i framsyninga. Boka og CD-en fekk eit føreord av forfattar Einar Økland og boka fylgjer handlinga i framsyninga med informativt kommentarstoff. Boka har også QR-kode der all musikken er å finna. Den fysiske CD-en har også eit CD-hefte der dikta er prenta og omsett til engelsk av Hanson.

Formgjeving av bok og CD er gjort av Inger-Kristine Riber i samarbeid med Thomas Pihl og Reidun Horvei. Boka RIT vart gjeven ut på KOLOFON forlag og kan tingast hjå ARK. CD-en kan tingast hjå Reidun Horvei: 90549531.

Utdrag av Rit: <https://vimeo.com/726307780/ee6b216306>



TEKST: OLAV H. HAUGE

MANUSUTVIKLAR: KATHERINE JANE HANSON

SONG/OPPLESING: REIDUN HORVEI

PIANO/KOMPOSISJON: INGER-KRISTINE RIBER

RØYST PÅ HØGTALAR: OLAV H. HAUGE OG MORTEN SVARTVEIT

SCENOGRAFI: THOMAS PIHL

REGI: RAGNHILD GUDBRANDSEN

RIT MED REIDUN HORVEI OG INGER-KRISTINE RIBER

av Gunnstein Akselberg

Konsertframsyninga RIT er godt planlagd og solid førebudd, vel strukturert og systematisk oppbygd, og meisterleg framførd.

Mange har sett musikk til Olav H. Hauge sin tekstar tidlegare, men dette må vera ein av dei fyrste gongene at Hauge-tekstar er musikalsk og scenisk framførde som einskap sett i eit overordna tematisk perspektiv. Det fell naturleg å assosiera RIT med ein songsyklus på line med Franz Schubert-syklusar som Die Winterreise og Die Schöne Müllerin. Hjå Horvei og Riber er det årssyklusen frå haust, gjennom vinter, vår, sommar og ny haust som strukturer framsyninga. Dette er eit genialt grep som får fram dei store variasjonane i haugedikta, samstundes som grepset i fokus Hauge si ualminnelege evne til skildra samspelet mellom natur og menneske og samspelet mellom det fysiske og det mentale. Eit særtrekk ved den nordiske års-tidsvariasjonen er nettopp korleis natur og psyke samspelar mellom oppbrot og endring, stabilitet og harmoni. Me her oppe i nord gler oss når epla mognar på grein og når haustfargane kler skogen, me jublar når dei fyrste snøfillene fell og kvitmålar markene, me strålar når snøen smeltar og naturen vaksnar til liv med blomar og fugle-

song, og me feirar dei ljose nettene og varme dagane. Men den stendig atterkomande årssyklusen og dei skiftande årstidene er òg utfordrande og kan slita på kropp og sinn. Likevel vil me nordbuarar ikkje byta med ein stending blå himmel og høge temperaturar året rundt.

Me elskar den skiftande årssyklusen her heime – på godt og vondt, noko Hauge hadde uvanleg god innsikt i og ei endå betre evne til å uttrykkja i ord og vendingar. Hauge kjempa med og mot naturen, med og mot seg sjølv – og han lukkast som få andre å uttrykkja dette i lyrisk form. Knapt nokon i Noreg har gjort han dette etter, verken før eller seinare. Med eigne erfaringar frå natur og kultur i Ulvikabygdi skapte han ein litterær årssyklus som høyrer til verds litteraturen. Denne syklusen har Horvei og Riber kasta seg ut i med solid resultat.

Konsertframsyninga er bygd opp kring fem bolkar knytte til dei fire årstidene – som byrjar med hausten og sluttar med hausten – og der kvar bok har fått tittel etter fem av dei elleve versa i den vidkjende strofa til Hauge, «Det er den draumen». I innleiingsforedraget knyter litteraten Kathrine Jane Hanson desse bokane saman med eit poetisk univers som finst i poe-

sien til Hauge med vekt på tre topoi: elv, hav og berg. Slik framstår konsertframsyninga som ein tekstleg heilskap som Horvei og Riber fargelegg musikalsk.

Riber boltrar seg i ulike uttrykksformer på klaveret supplert med sampling innspelt på førehand. Både kompositorisk og med omsyn til utføring syner Riber stor kreativitet og dingleik. Det musikalske uttrykket vekslar mellom det sarte, melodiske og romantiske og det dynamiske, kraftige og til tider brutale. Såleis understrekar tonefylgjet skiftande tematiske og stilistiske sprang i dei utvalde Hauge-tekstane. Stundom kling meir tradisjonelle klassiske og visemusikalske undertonar i komposisjonane, andre gonger lyfter eksperimentelle uttrykksformer og jazz-prega stilklangar tekstane ut av den lokale verda, i tråd med Hanson sin karakteristikk av det poetiske universet hjå Hauge.

Horvei tolkar Hauge innsiktfullt vokalt i vekslinga mellom ljoset og mørket i tekstane og i tonefylgjet til Riber. Horvei nyttar det breie registeret i stemma si til å understreka, framheva og formidla ei nennsam og underleg tolking av Hauge. Dynamikken i stemma hennar høver som hand i hanske til framføringa. Scenografisk fell dei stillferdig vandrande og lett poserande handlingane hennar godt saman med den enkle og minimalistiske scenografin. Her er det stemma og tekst-

ane som talar. Dynamikken i stemma understrekar svært godt spenninga i tekstane og i musikken, frå det ømt lyriske til det røft kraftige og nesten slåande. Slik spenninga som finst i det poetiske universet til Hauge bygt omkring elv, hav og berg, ter seg. Tolkingane til Horvei eksemplifiserer nettopp spenninga mellom lyriske og topografiske ytterpunkt. Samstundes utfordrar Horvei tilskodarane og lyttarane: konsertframsyninga krev noko av publikum. Ein går ikkje frå konsertlokalet med eit inntrykk av at dette berre var koseleg og hyggeleg. Ferdig med det. Nei, ein forlét konsertlokalet også med ettertankar og utfordingar. Slik stor kunst skal gjera. For mange vil nok konsertframsyninga ikkje berre stadfesta tidlegare Hauge-opplevelingar, men vel så mykje opna opp for andre og nye Hauge-opplevelingar. Det er viktig.

Den enkle scenografien til Thomas Pihl og den strenge regien til Ragnhild Margrethe Gudbrandsen kler framsyninga godt. Dei originałe diktopplesingane til Hauge set framføringa i perspektiv, og Morten Svartveit sine episke dagboklesingar illustrerer tolkingar og framføringar. Hanson si informative og vel formulerte innleiing set framføringa i ein solid fagleg og nyttig kontekst.

“GULLHANEN” - OLAV H. HAUGES FØRSTE ASTRUP-SONETT? INTERVJU MED FREDRIK PARELIUS

av Nils Vidar Vambheim og Marit Hafting



Fredrik Parelius. Foto: Anne Martha Stokke.

Tidsskriftet *Edda* publiserte nyleg ein artikkel av Fredrik Parelius om Hauge-diktet Gullhanen. Her nylés Parelius sonetten og lanserer hypotesen at diktet inneheld ein ekfrase til Nikolai Astrups måleri *Jonsokbål* frå 1912. Den sentrale barndomsscena i diktet får ei ny tyding når ho vert lest opp mot måleriet til Astrup. Parelius beskrev diktet som eit flettverk, samansett av allusjonar til norrøne tekstar, folketru og internasjonal litteratur. Astrupbiletet gir grunnlag for ei ny og meir einskapleg utlegging av sonetten.

Atle Kittang (Kittang 2012, 141)

skriv at diktet «truleg [er] eit av dei mest gåtefulle dikta Hauge nokonsinne har skrive». Det har vore ei kontinuerleg utveksling av tolkingspoeng og tankar om denne sonetten frå pionerar som Jan Erik Vold (1967), Johannes Gjerdåker (1968) og noko seinare Staffan Söderblom (2006) til Kittang (2012), Andersen (1996, 2002) og Hamm (2008). Kittangs konklusjon er at diktet er bygd over ei gåte som ikkje lar seg løyse.

Fredrik Parelius er doktorgradsstipendiat i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen. Han er i sluttfasen av eit prosjekt om gal-skapstematikkar i forfatterskapen til Uppdal, Hofmo og Hauge.

22. mars i år var det litteraturkveld ved Haugesenteret i Ulvik. Parelius la fram tolkingane sine av Gullhanen. I etterkant av foredraget lagde me avtale om eit intervju til Venelagsheftet.

Du la i framstillinga di opp til ei drøfting av tre sentrale tema frå diktet. Det første var «holt let seld sjels gal». Kva ber denne verselinja bod om?

Ja, som de nemner har det jo vore skrive og sagt mykje om dette diktet. Når eg likevel meiner at eg har nokre nye moment å leggja til forståinga av «Gullhanen», er

det mellom anna fordi eg synest tidlegare fortolkarar har vore for hastige i lesinga av denne linja. Kva har Hauge eigentleg meint med «seld sjel»? Er det slik at Gullhanen har seld sjela si til Keisaren? Fleire har jo lagt opp til ei slik tolking. Sjølv meiner eg at vi i tillegg må vurdere om ikkje Hauge herviser til ein tilstand, altså til det å vera *seld* – i tydinga hugteken, fortrolla eller forgapt. Hauge nyttar ordet slik i fleire andre dikt, til dømes «Slik kan» og «Spegelen». Les vi ordet «seld» slik, påverkar det kva det å vera «gullhane» er for noko. Viss gullhanen er ei borttrykt sjel, ei sjel midt mellom forgaping og fortaping som talar til oss, passar det òg bra at denne røysta let «holt», slik orakelrøysta har ein klang av noko bortanfor. Dette passar jamvel bra med den innleiande allusjonen til «Balders draumar», der Hauge viser til volva som vert vekt opp frå dei daude av Odin. Slik eg les «Gullhanen» handlar diktet mykje om korleis det er å kjenne seg som ei slik volve – altså å vera *ei seld sjel*, borttrykt frå denne verda, men enno sansande og talande.

Det andre temaet i framstillinga di var «festgul nott». Kvifor er dette sentralt?

Eg har jo sysla lenge med «Gullhanen», men har til liks med dei andre som har lest diktet, hatt kjensla av at det er mykje her eg ikkje forstår. Då eg på eit tidspunkt

byrja å stille meg sjølv dette spørsmålet: *Akkurat kva er det eg ikkje forstår?* kom eg alltid attende til vendinga «festgul nott». Kvifor vert dikteget «skaka vak» nett denne festgule notta? «Festgul» er etter alt å dømma eit nyord, ei samansetning som Hauge er den første til å sette på prent i dette diktet. Når diktet inneheld så mange referansar til andre tekstar og konkrete tekststader, klarte eg ikkje å sleppe tanken på at nett denne nyvinninga òg kunne vise til noko konkret. Nyordet kjem jamvel i den avgjerande augneblinken, der diktet gjer eit sprang frå Miklagard til ei meir heimleg scene.

Tidlegare tolkingar har peika på at det må vere eit samband mellom keisarhoffet i Miklagard og den «festgule notta». Dette har ein forankra i at Hauge i diktet alluderer til W. B. Yeats sine to dikt «Sailing to Byzantium» og «Byzantium». Keisarhoffet har i Yeats sine dikt noko gullglitrande ved seg. Sjølv gjekk eg Yeats sine kjelder etter i saumane, leita etter liturgiske fargar, festivalar osb., men klarte ikkje finne nokon gul fest. Då eg byrja spørje meg sjølv kvifor festen måtte vera *gul*, jamførde eg med andre stader Hauge nyttar gulfargen i dikt. Ofte viser det seg at gulfargen er ein metafor for flammar, slik som i «Nyåret 1970» og «Finnmarksror 1944». Vidare vart spørsmålet om det kunne vera slik at «festgul nott»

GULLHANEN

Og eg var longo død. Død i mitt skal,
og gol som gullhane i Miklagard.
Eg levde under - høyrdé skurr og svar
og streid imot; og holt læt seld sjels gal.

Til draumen skok meg vak ei festgul nott,
so hamen fall og glansen vart til støv:
Eg er i døri heime. Husetsov.
Og barnehjarta slær att sælt og brått.

Eg stend med hand på klinka inn til mor
og far, - ser månen skin på slite golv.
Du vart so lenge? kjem det, utan ord.

Bak rømdi rørde sorgi tungt sin kolv.
So slepte draumen meg. I gullsmidd gjord
for keisaren eg etter gol og svor.

Sein rodnar skog i djuvet 1956



Jonsokbål av Nikolai Astrup.

viser til ein fest som har noko med flammer å gjera? Slik kom eg på tanken at «festgul nott» kanskje kunne peike framover i diktet, mot barndomsscena, og at det kunne vere tale om eit jonsokmotiv.

Når tanken om eit jonsokmotiv dukka opp, var vegen kort til å undersøkje jonsokbileta til Nikolai Astrup – ein målar som vi jo veit Hauge kjende godt til. Eg fekk ei ganske sterke oppleving av å ha funne noko sentralt, då det gjekk opp for meg at priselden, jonsokbålet, i fleire av Astrups sine bilete har form av ein hane. I «Jonsokbål» frå 1912 er silhuettene av ein gut avteikna framføre elden. Ein måte å «lese» biletet på, er at guten sit og stirrer inn mot bålet og at hanen stig opp frå fantasien hans. Bygdefolket som samlar seg rundt elden lengre ned i biletet kan ikkje sjå hanen. Legg ein litt tolking til, kan ein seie at guten og hanen *er eitt*. Guten er ikkje til stades i verda så lenge han stirrer hugteken inn i bålet, hanen finst ikkje så lenge guten ikkje drøymer han fram.

Det er ei slik tolking av biletet eg legg til grunn når eg les barndomsscena i «Gullhanen» i lys av Astrup. For då kan vi tenkje oss at barndomsscena skildrar det som hender *etter* at flammen har brunne ned og guten kjem heim til foreldra, framleis fylt av den sterke opplevinga. «Barnahjarta slær [...] sælt og brått»; guten vil fortelje

foreldra om dette fantastiske han har sett og kjent, men han stansar «med hand på klinka inn til mor / og far, – ser månen skin på slite golv». Det går opp for han at dette er ei visjonær oppleving som han ikkje kan formidle til kvardagsmenneska mor og far. Dei vidare linjene les eg slik at foreldra reagerer forskjellig på det å ha ein gut med ein slik visjonær og altoppslukande fantasi. Mor responderer med omsorg, far med sorg. Her drøftar eg i artikkelen òg eit biografisk poeng.

Det siste hovudtema i foredraget var «gullsmidd gjord». Kva assosiasjonar gir dette deg?

Dette ordet «gjord» måtte eg slå opp i ordboka. Eg hadde ei kjensle av kva det betydde, men fekk jo eit mykje rikare ordbilete av å lesa meg opp. Her fekk eg òg ei kjensle av at dei ulike tydingane av ordet burde kome fram i ei drøfting. For på den eine sida kan ein gjord vise til seletøy og belteverk som ein brukar til å sale hesten. I denne tydinga peikar ordet i retning av Hauge sin biografi, som vi veit vart han fleire gonger lagt i belte under sjukdomen. På den andre sida viser ordet til eit prydbelte, ei livreim som somme tider dukkar opp i folketrua, då gjerne dekorert med gull eller sølv. I begge høve held gjorden noko på plass, slik sonetteforma held det ustabile meiningsinnhaldet i «Gullhanen» fast.

Då eg undersøkte dette ordet vidare, fann eg at Welhaven har nytta orda «guldstukken gjord» i eit dikt. I «Jetergut og bamse» dukkar jamvel hamløpar-motivet opp, slik det òg gjer i «Gullhanen» når «hamen fall og glansen vart til støv». Welhaven var jo kjend som ein formbunden diktar, til forskjell frå rivalen Wergeland. Her fekk eg assosiasjonar til Hauge sine eigne ord om «kaldsmidning» og «varmsmidning» av dikt. «Gullhanen» er for meg eit dikt som skildrar inspirasjon, eld, bortrykking, kanskje til og med galskap – men på avstand, i ei avklart form. Dette er understreka av at diktet er eit tilbakeblikk. Når egent i diktet er *gullhane*, talar det ikkje, det gjel berre! Denne sterke motsetnaden mellom innhald og form er med på å gjere diktet så sterkt, mystisk og dragande.

Er det slik at dette diktet opnar seg når ein brukar desse tre «nøklane» saman? Kva meir krev det? Kan du sei noko om din eigen tolkingsprosess?

Eg kan seie det slik, at fokuset på desse tre hovudpunktene er eit pedagogisk grep. I artikkelen går eg meir i detalj på fleire dimensjonar ved diktet. Det er mykje lesnad og grubling som ligg bak det eg no meiner er nokre nye moment til «Gullhanen». Eg har vore inne på mange interessante blindvegar som ikkje vert med i verken artik-

kel eller føredrag. Men desse tre «nøklane» som du kallar dei, synast eg er greie å vise fram for folk. Eg kan forklare korleis eg har kome fram til desse poenga, og moglegvis kan folk få ei rikare oppleving av diktet ved å kjenne til desse tolkingsforsлага. Samstundes, eg har sagt i artikkelen at diktet er ein mosaikk av allusjonar – det er mange detaljar som dannar det heilskaplege biletet, og diktet loddar djupt i fleire kontekstar, norrøne og internasjonale. Desse kontekstane har eg undersøkt og arbeidd grundig med, men eg har ikkje nokon illusjon om at eg har kome til botnen i alt her. Framleis er det mykje å drøfte og diskutere kring «Gullhanen». Slik var òg målsetjinga mi; om eg kan hjelpe folk til å tenkje vidare kring diktet er det det beste, eg ønsker ikkje setje noko punktum for gullhaneforskinga.

Så vidt me hugsar sa du at ein del kommentatorar har hevdat Hauge var ein mann utan internasjonale litterære referansar i si diktning, men at dette er heilt feil. Du viste nokre døme. Kan du gjenta for oss eit par av dei poenga?

Det var jo Erling Christie som i si tid kom med denne uheldige kommentaren då han melde *Seint rodnar skog i djuvet* i 1956. Han var spydig og kalla Hauge for «myllargut og folkesjel». Vi veit jo no at Christie undervurderte Hauge

grov, men haldninga hans seier oss også mykje om korleis Hauge vart lesen av hovudstadsmeldarar før gjennombrotet i 1961. I 1956 tok ingen av bokmeldarane ein gong notis av «Gullhanen»! Etter at Hauge fekk si stjerne på den norske poesihimmelen, var det eit poeng å gjere han til modernist av verdsformat. Delvis for å «redde» han frå det stempelet slike som Christie hadde satt på han. Dette omsynet har kanskje ført til at dei mange referansane i diktina hans til nynorske og norrøne tekstar og kontekstar har vorte spelt ned. Særmerket til Hauge er at desse referansane finst side om side med eit vell av internasjonale allusjonar, ikkje berre i «Gullhanen», men i mange dikt. Kanskje kan vi til og med snakke om at dei mangslunge allusjonane er ein grunnstein i Hauge sin poetikk. For oss som forskar på Hauge i dag, ligg det eit stort potensiale i å undersøkje desse referansane nærrare. Kva tekstar er det han skriv seg opp mot? Kva har han meint med å referere til denne teksten i dette diktet? Slike spørsmål og svar gjer Hauge sine dikt rikare og meir komplekse. Når vi no har tilgang til å søkje etter titlar i Hauge si boksamling, har vi eit heilt anna utgangspunkt for å kunne sjekke slike samanhengar enn før. At andre får oversikt over Hauge sin eigen lesnad, er med på å gjere Hauge betre.

Kjelder

- Andersen H. H. 1996. «Modernisme midt i tradisjonen – Om sonetten «Gullhanen» av Olav H. Hauge». I *Nordica Bergensia – Barokk og modernisme. Hovedfagsstudier i nordisk lyrikk nr. 10*, redigert av Idar Stegane og Asbjørn Aarseth, 116-135. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen
- Gjerdåker J. 1968. «Gullhanen i Mikklagard – Om eit dikt av Olav H. Hauge». I *Norsk litterær Årbok* 1968, redigert av Leif Mæhle. 120-123. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hamm C. 2008. «'for keisaren eg atter gol og svor - Kjønnets ubehag hos Olav H. Hauge». I *Tekster på tvers – Queer-inspirerte lesninger*. Redigert av Christine Hamm mfl. 197-212
- Kittang A. 2012. *Poesiens hemmelige liv*. Fagbokforlaget: 141
- Parelius F. 2023. Flamme i «festgul nott» - «Gullhanen» Olav H. Hauge's første Astrup-sonett?. *Edda*, 110; 1-2023: 22-35 <https://www.idunn.no/doi/full/10.18261/edda.110.1.3?af=>
- Söderblom S. 2006. *Och jag var lange död. Läsning av det ambivalente. Olav H. Hauge*. Skriftserien Autor. Göteborg. Göteborgs Universitet
- Vold J. E. 1067. «Olav H. Hauge- Gartner og poet. En diskusjon av noen av diktene hans – særlig fra «Dropar i austavind» - om hans forhold til tinogene. *Samtiden*, 76: 396-418.

MED OLAV H. HAUGE TIL TROMSØ, MAI 2023

av Ågot Gammersvik og Nils Vidar Vambheim



Tromsø med Tromsdalen og tindane ein maidag.
Foto Å. Gammersvik

Den 5.mai 2023 stod Venelaget bak to arrangement i Tromsø. Eit lunsjseminar om føremiddagen ved Universitetet i Tromsø, og eit kunstnarisk arrangement om kvelden på Hålogaland Teater Teaterkafé, med kunstnarane Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre.

I arktisk klima er mai ei tid for lengt og håp. Dagane og nettene er lyse, men framleis kalde. I Tromsø ventar folk då på at midnattssola skal koma, og at sommarvindane skal stryka mildt og varmt mot hud og hjarta. Men vinteren slepper ikkje taket. Snøen ligg framleis nesten heilt ned, og ein snøstorm kan koma når som helst. Då passar det godt å samlast på Teaterkafeen, varmt og godt, med fjell, fjord og

snø i bakgrunnen, kanskje eit glas vin i handa.

Og samlast gjorde over 50 diktinteresserte Tromsøværingar denne kvelden. Akademikarar, «kulturoperatørar» og andre interesserte. Statistisk sett var nok nynorskfolk og universitetsfolk i overtal, men ikkje einerådande.

Ramma for arrangementet og tittelen var såleis den aller beste. Stemninga i salen var så god som den kan bli då Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre framførte eit godt konstruert og godt innovd program med dikt og forteljingar frå Hauges liv, akkompagnert til hardingfelespel ved Knut Hamre. Og som Hamre seier: «Det er understengene som gjer susen». Så også denne kvelden. Folk kjende korleis profesjonelt spel frå Liv og Knut gav liv og djupn til dikta.

Om morgonen same dag heldt Liv og Knut, i samarbeid med Venelaget ved Ågot Gammersvik og Nils Vidar Vambheim, eit lunsjseminar ved Senter for Fredsstudiar ved Universitetet i Tromsø. Seminaret var om forholdet mellom liv og dikt, og om Olav H. Hauge som internasjonal diktar. Seminaret føregjekk på engelsk, ettersom studentar og tilsette ved Fredssenteret er internasjonale. Nedanfor fylgjer «rapport» frå dei to arrangementa.



Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre.



Foto: Å. Gammersvik.

Senter for Fredsstudier ved Universitetet i Tromsø vart stifta for 20 år sidan på initiativ av professor Ole D. Mjøs, tidlegare leiar av Nobelkomiteen og rektor ved UiT.

Mjøs avslutta ofte sine talar med Olav H. Hauge sitt dikt «Det er den Draumen» - eit dikt som etterkvart vart eit «husdikt» ved Fredssenteret. Diktet er enkelt, men universtelt i sitt innhald. Treng ikkje bli tolka så veldig mykje for å bli forstått på tvers av kulturar og personlege erfaringar.

Då Venelaget planla eit arrangement i Tromsø, kom ideen opp om å laga til eit lite «lunsj-seminar» for eit internasjonalt publikum ved Fredssenteret. Programmet var enkelt: «Kom og lytt til Hauge-dikt og mini-kåseri om Olav H. Hauges liv og internasjonale forankring. Ta med matpakke. Kaffe/te blir servert.»

Førsteamanuensis Nils Vidar

Vambheim, som har arbeidd ved Fredssenteret i mange år, innleia om Olav H. Hauges liv og dikting, og sa litt om forholdet mellom dei to. Han minnte om at Hauge sine psykiske plager kan ha vore ei kjelde til inspirasjon som han ikkje ville kvela, sjølv om det gav han mykje smerte. Vambheim minnte om at både diktaren og akademi-



Nils Vidar Vambheim. Foto: Å. Gammersvik.



Ågot Gammersvik.

Foto: Marit Hauan.

karen treng inspirasjon for å få fart på skrivinga, og avslutta med ei påminning til studentar og andre: Ikkje sløkk den flammen. Du treng den.

Leiar i Venelaget Ågot Gammersvik gav oss ei gripande forteljing om forholdet mellom Olav H. Hauge og den amerikanske diktaren Robert Bly, som begge omsette kvarandre sine dikt. Gammersvik fortalte om eit sterkt møte mellom dei to diktarane i Hardanger, der Robert Bly skreiv fleire dikt spesielt tileigna Hauge. Liv Bernhoft Osa las dikta frå Bly til Hauge, som var nye dikt for dei fleste. Blant publi-

kum sat professor Tone Bleie ved UIT, slektning av Robert Bly. Eit sterkt møte mellom Hardanger og USA, fortid og notid. Ingen tvil om at Olav H. Hauge var internasjonal.


Både før og mellom kåseria las Liv Bernhoft Osa Hauge-dikt i engelsk omsetjing, før ho avslutta med diktet «The Dream We Carry». Knut Hamre avslutta med ein vakker feleslått tilpassa høvet - til stor glede for eit lite, men djupt rørt internasjonalt og norsk publikum.

Me gjengir her diktet i Robert Bly si omsetjing til engelsk:

IT IS THAT DREAM

by Olav H. Hauge

It's that dream we carry with us
That something wonderful will happen,
That it has to happen,
That time will open,
That the heart will open,
That doors will open,
That the mountains will open,
That wells will leap up,
That the dream will open,
That one morning we'll slip in
To a harbour that we've never known.
Translated by Robert Bly.



Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre på Hålogaland Teater i Tromsø 5. mai 2023.

Foto: Å. Gammersvik.

Venelaget for Olav H. Hauge og Tromsø Mållag har hatt planar om denne framsyninga i Tromsø lenge, og endeleg lukkast det. Det var difor med stor glede at styreleiar Ågot Gammersvik kunne ynskja både kunstnarar og publikum velkomne, og ei like lukkeleg Sigrun Høgetveit Berg i Mållaget som kunne takka for ei sær gild oppleving i Hålogaland Teater.

Framsyninga tek utgangspunkt i Hauge sitt dikt med tittelen «Enno bur vinteren i ljoset». Skodespelar Liv Bernhoft Osa og spelemann Knut Hamre fortel om sine møte med diktaren Olav H. Hauge, og om korleis dikta og dagbøkene hans har påverka kunstnarane på ulike måtar. Dei møtte ein fullsett Teaterkafé, der mange fekk kjennskap til diktaren Olav H. Hauge

med tonefølgje av slåttar på hardingfele. Her fortel Liv Bernhoft Osa og Knut Hamre om framsyninga.

Korleis vart denne framsyninga til?

Framsyninga var opphavleg eit tingingsverk til Poesifestivalen i Ulvik i 2018. Denne framsyninga hadde ei personleg tilnærming til stoffet, om korleis ulike møte med diktaren Olav H. Hauge har prega oss som kunstnarar, fortel Liv Bernhoft Osa. Seinare har me hatt framsyning i Bergen i 2019 og i Tønsberg i 2020, der fokus var lagt meir på dagbøkene og krinsa kring Olav H. Hauge og Bodil Cappelen sitt liv i Ulvik. På Litteraturhuset i Bergen kalla me framsyninga «Ny gul duk på bordet», og bygde opp tema rundt dette diktet. I 2022 vitja me

Nordland Teater, Mo i Rana, og her fekk framsyninga tittelen «Enno bur vinteren i ljoset». Vi har seinare vidareutvikla dette temaet og utvida delar av programmet for framsyninga her på Hålogaland Teater. Temaet høver godt til årstida, til landsdelen og til begynnande vår i Tromsø. Berre sjå på denne naturen som omgir oss her.

Korleis har de bygd opp programmet?

Liv fortel at ho har årbøkene til Olav H. Hauge lett tilgjengeleg, og les gjerne i dei litt kvar dag. Det er ein god start på dagen. Her er så utruleg mykje stoff å ta av, om daglegdagse hendingar som Hauge fortel om i dagbøkene sine. Det han skriv om er gjenjenneleg, det er samlande og ein del av vår identitet. Naturen, årstidene, kvar-dagane – det er alt saman råd å kjenna att for oss alle, og det gjer oss stolte.

Olav H. Hauge har så utruleg mange fine dikt, eit rikt tilfang av dikt å ta av. Hauge har også mykje materiale der han fortel om liding og sjukdom, noko han sjølv meinte hørde med i forteljinga om han som diktar, som menneske. Alle forfattarar er også menneske, og lesarane må forstå det, og at det alltid ligg mykje arbeid bak.

Olav H. Hauge sa det so fint sjølv, detta at han lyfta opp vår eigen kultur, synleggjorde kvardagen vår, og nettopp dette gjer at

han treffer oss på ein særleg måte. Me har ein diktar som representerer oss, landsdelen, humoren og språket.

Vil de halda fram med fleire framsyningar?

Ja, me har nokre førespurnader, og kan gjerna gjera fleire framsyningar. Planen er å vidareutvikla det programmet me har no, når tidi er der. Etter Tromsø vart me inspirerte til vidare arbeid og kanskje nye vinklar inn til dikta og diktaren. Og tonane frå hardingfela forsterkar inntrykka – den fela har nokre understrenger som treffer det underbevisste.

ENNO BUR VINTEREN I LJOSET

Enno bur vinteren i ljoset
og kveldar i det fyreste graset,
det er bredegrønt og kaldt
etter han når han ris.
Og når kircebærtrei kjem,
kjem dei med snø og legg
systerkinn mot bredane.
Løvetann sagar i fjorgamle strå
og eldar frostgule bål.

Kva slåttar spelar du i dette programmet, Knut?

Å du veit, det vert både lydarslåttar, brudemarsj og bånsullar som kan knytast opp til dikta. Eg har med «Brudemarsj frå Løddingen» og «Store Vetle-Per», som eg har lært av Sigbjørn Bernhoft Osa, far til Liv. Vi har med ein «Bånsull» etter Anna Skeie, «Bygdatråen» etter



Tromsøværingane tek til å samlast i Teaterkaféen.

Foto: Å. Gammersvik.

Sjur Helgeland, «Rosa» etter Lars Fykerud og «Heiloen» etter Håvard Ibøen – for å nemna nokre. Dette er då kjende og kjære slåttar for mange, medan andre kanskje hører hardingfelespel for fyrste gong. Kvar slått vert introdusert, gjerne

med ei forteljing til. Det viktigaste er korleis slåtten kan få fram kjensla i diktet. Du veit Olav H. Hauge har laga dikt om fela, og der seier han det tydeleg at «det er ikkje fela, med sjeli som skal spela».

SEMINAR OM OLAV H. HAUGE VED HAUGESENTERET 8.–9. SEPTEMBER 2023. ARRANGERT AV FORSKNINGSNETTVERK FOR POETISK TENKNING

av Stein Arnold Hevrøy

I 2024 er det 30 år sidan Olav H. Hauge døydde, og sjølv om forfattarskapen hans framleis er levande både som formidlings- og forskingsobjekt, er det faktisk like lenge sidan *Tunn is*, den siste reine forskningsantologien om Olav H. Hauge vart gjeven ut.

Forskningsnettverket for poetisk tenking meiner dette er eit godt påskot for å arrangere eit nytt seminar om Olav H. Hauges forfattarskap, med sikte på bokutgjeving i 2024. Seminaret vil finne stad i Haugesenteret i Ulvik 8.–9. september 2023.

Forskningsnettverket for poetisk tenking har eksistert sidan 2015 då det første seminaret vart skipa, og er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur som driv Haugesenteret og forskrarar frå norske universitet og høgskular, forfattarar og andre med lyrikkfagleg bakgrunn eller virke. Nettverket har fleire gongar også bidrige på seminar under Poesifestivalen i Ulvik.

Fredag 8. september: Oppstart kl 11.00

- 11.00–11.45 Idar Stegane: Olav H. Hauge og Norrøn tradisjon
(manus blir delt ut for diskusjon).
- 11.45–12.30 Ole Karlsen: Olav H. Hauges lakonisme. Nokre døme.
- 12.30–13.15 Fredrik Parelius: Bergets innside, folketro og galskap.
- 13.15–14.00 Lunsj**
- 14.00–14.45 Ingrid Nielsen: Olav H. Hauges poetiske rom.
- 14.45–15.30 Erling Aadland: Ensomhetens stemning, arbeid og stolt ydmykhet.

15.30–16.00 Pause

- 16.00–16.45 Sigrid Sandemose: Trolldom, det sublime og Haugtussa.
- 16.45–17.30 Erik Skyum-Nielsen: Tittel kjem.

Laurdag 9. september: Oppstart kl 09.00

- 09.00–09.45 Torgeir Skorgen: 'Teikn er me, utan meinung': Om krig og verds litteratur ut frå Hölderlin og Hauge.
- 09.45–10.30 Ingrid Beate Hestvik Skjerdal: "Plukka månar (...) sløkkje stjernor" – himmellekamar hos Olav H. Hauge.
- 10.30–11.15 Hadle Oftedal Andersen: «I hagen». Seljefløyta, Verlaine og parnassianismen.
- 11.30–12.15 Lunsj**
- 12.15–13.00 Stein Arnold Hevrøy: Marginalia i Olav H. Hauges boksamling
- 13.00–13.45 Helen Zhang: Translesing. Olav H. Hauge og Tao
- 13.45–14.00 Pause
- 14.00–14.45 Magne Drangeid: «Det blei jo faktisk litt bra til slutt, då»: Fyrsteårs lærarstudentar les og diskuterer Hauge-dikt
- 14.45–15.30 Henrik Indregård: Gullhanen lest i lys av Aukrusts visjonsdiktning

KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Alf Gunnar Eritsland. Fødd 1949. Har vore førstelektor i norsk ved OsloMet, og leiar av Lærarutdanningsrådet. Har arbeidd i forlag, og gitt ut fleire bøker, mellom anna om skriveopplæring. Disputerte i 2020 med ei avhandling om vekking og lærarutdanning.

Ågot Gammersvik. Fødd 1949. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Hardanger folkemuseum og Maihaugen. No prosjektleiar ved Bergenhus Festningsmuseum. Styreleiar i Venelaget Olav H. Hauge frå 2022.

Marit Hafting. Fødd 1948. Bur på Voss. Pensionert barne- og ungdomspsykiater.

Stein Arnold Hevrøy. Fødd 1979. Konservator på Haugesenteret i Ny-norsk kultursentrum. Hevrøy fungerer også som koordinator for Forskningsnettverket for poetisk tenking.

Reidun Horvei. Fødd 1958. Utdanna ved Griegakademiet, Fylkesmusikar i Hordaland. Gjeve ut fleire CD-ar og artiklar innan folkesong og boka «Folkesongar i Hordaland» frå 1998. Har omfattande konsertverksemnd i inn- og utland.

Torbjørn Ljones. Fødd 1954, er frå Ulvik og skreiv hovudoppgåve om resepsjonen av Olav H. Hauge si diktning i 1982. Han har arbeidd som rektor i 35 år og er no pensionert vikarlærar. Han har skrive to bøker under pseudonym Kvitanesen og mange tekstar i Hordaland og Facebook under same navn.

Geir S. Netland. Fødd 1953 på Bryne. Nyleg avgått arenaleiar ved Haugesenteret. Hadde arbeidd med kino og film i fleire tiår før han i 2013 var tilsett som dagleg leiar ved Haugesenteret.

Fredrik Parelius Fødd 1991. Doktorgradsstipendiat i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen. Han er i sluttfasen av eit prosjekt om galskapstematikkar i forfatterskapen til Uppdal, Hofmo og Hauge.

Inger-Kristine Riber. Fødd 1982. Klassisk pianist utdanna ved Den Norske Musikkhøgskole og Hochschule fur Musik und Teater, Hannover. Har dei siste åra vore aktiv komponist og arrangør og leia eigenproduserte prosjekt på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Nils Vidar Vambheim. Fødd 1953. Frå Ulvik, busett i Tromsø. Akademisk bakgrunn i språk og samfunnsfag. Doktorgrad i pedagogikk ved NTNU. Førsteamanuensis i Pedagogikk ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning og ved Senter for Fredsstudiar, UiT/Noregs Arktiske Universitet.



Returadresse: Ågot Gammersvik, Marihaugen 30, 5302 Strusshamn

letter : regnet gaid

STYRET I VENELAGET

Ågot Gammersvik, leiar - **agot.gammersvik@gmail.com** - tlf 917 75 735

Guri Hjeltnes, nestleiar - **guri.hjeltnes@hlsenteret.no** - tlf 452 30 353

Torbjørn Ljones - **torbjorn@ljones.no** - tlf 934 12 412

Marit Hafting - **marit.hafting@gmail.com** - tlf 995 50 315

Nils Vidar Vambheim - **vidar.vambheim@uit.no** - tlf 452 19 833

Alf Gunnar Eritsland, varamedlem - **alfgunnar49@outlook.com** - tlf 992 74 225

Ingebjørg Winjum - **ibwinjum@hotmail.com** - tlf 404 03 863

Kasserar og rekneskakpsførar: Anders Opheim - **andersko@ulvik.org**

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Ågot Gammersvik, Torbjørn Ljones,
Alf Gunnar Erisland, Ingebjørg Winjum.

Funnes av kuka over.
Ulrik Hafting